



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 29.09.2015
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 16:00 – 20.15

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland, ordfører	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Marit Steinestø	Krf	Varaordfører
Egil Kvingedal	V	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem

Styringsgruppe kommunereform

Willy Borge FrP, møtte til sak 97 & 98
SP og innkalla, men møtte ikkje

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og ass. rådmann Sveinung Toft

Sakliste

Saknr	Tittel
-------	--------

095/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
096/2015	Godkjenning av møtebok
097/2015	Kommunereform - møte i styringsgruppa 29.sept '15
098/2015	Kommunikasjonsplan - Nordhordlandsalternativet/kommunereform
099/2015	Delegerte saker
100/2015	Referatsak

095/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

29.09.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 095/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

096/2015: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

29.09.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 096/2015 VEDTAK:

Møtebok frå formannskapet 02.09.15 vert godkjend.

097/2015: Kommunereform - møte i styringsgruppa 29.sept '15

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram for drøfting i styringsgruppa

29.09.2015 FORMANNSKAPET

Status Nordhordlandsalternativet – no med Osterøy, Meland og Radøy ute av dette alternativet. Intensjonsavtale Nordhordland vert forhandla vidare 6.november og ein del uavklart i dette alternativet. Situasjonen drøfta, og Masfjorden held fram med vidare utgreiing av dette alternativet.

Status i utgreiingsalternativet Gulen – Solund og Masfjorden (GSM), ogførebels utkast til Intensjonsavtale GSM – nytt møte allereie 30.sept.gjennomgang av avtaleutkast og synspunkt løpande, lengre drøfting av innhaldet i intensjonsavtalen – førte ikkje til konkrete endringsframlegg og mandat forhandlingsutvalet. MODALEN må inviterast til dialog m/Masfjorden – allereie gjort av ordførar

Styringsgruppa drøfta utgreiingsalternativa inkl. å halde fram som eigen kommune, og var opptatt av å få ei konsekvensvurdering – etter mal KMD

[veien_mot_en_ny_kommune.pdf](#)

1. Tilstrekkelig kapasitet	6. Valgfrihet
2. Relevant kompetanse	7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
3. Tilstrekkelig distanse	8. Høy politisk deltakelse
4. Effektiv tjenesteproduksjon	9. Lokal politisk styring
5. Økonomisk soliditet	10. Lokal identitet

FS - 097/2015 VEDTAK:

Status i arbeidet med kommunereforma vart grundig drøfta med fokus på førebels utkast til intensjonsavtalar – ingen konkrete endringsframlegg i intensjonsavtalane eller mandat forhandlingsutvalet.

098/2015: Kommunikasjonsplan - Nordhordlandsalternativet/kommunereform

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune sluttar seg til forslaget til kommunikasjonsplan for prosjektet kommunestruktur i Nordhordland. Kommunestyret ser det som viktig at kommunen har ein aktiv informasjon til innbyggjarane og aktuelle målgrupper. Det er difor viktig at kap. 5 som går på tiltak vert oppdatert fortløpande.

29.09.2015 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 098/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune sluttar seg til forslaget til kommunikasjonsplan for prosjektet kommunestruktur i Nordhordland. Kommunestyret ser det som viktig at kommunen har ein aktiv informasjon til innbyggjarane og aktuelle målgrupper. Det er difor viktig at kap. 5 som går på tiltak vert oppdatert fortløpande.

099/2015: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

29.09.2015 FORMANNSKAPET

011/2015, Delegert vedtak - Bidrag til TV-aksjonen - 2015 Regnskogfondet

FS - 099/2015 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering

100/2015: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

29.09.2015 FORMANNSKAPET

1, Skatt på eige og inntekt pr. 31. august 2015

2. Utfordringa i budsjettarbeidet for 2016 og budsjettprosessen

Budsjettubalansen for 2016 er pr. dato minus 5,3 mill.kr., og det er nokre rammeområde som ligg over tildelt ramme og det vert jobba for å få desse ned på ramma.

Ein del av dei usikre faktorane i høve 2016 budsjettet som ein hadde tidleg i år er framleis usikre og uavklarte (eigedomsskatt, konsesjonskraft, pensjon, småkommunetillegget (jf. god skatteinngang og ligg allereie på 119% av landsgjennomsnittet).

Planen er å leggje fram budsjett 2016 i Kommunestyret i oktober (29.oktober – til noverande KS), og at ein legg til grunn føresetnadene i rammesaka (juni 2015) for dette budsjettframlegget.

Statsbudsjettet for 2016 vert lagt fram 7.oktober.

Eigedomsskattegrunnlag kraftverk kjem frå sentralskattekontoret, normalt rundt 20 oktober.

Som dei fleste nok har registrert, er straumprisen på eit historisk lågt nivå, noko som vil gjere store utslag på kraftinntektene samla sett.

3. Kraft, m.a. konsekvensar og status eigedomsskatt og konsesjonskraft

Nytt utkast til avtale konsesjonskraft frå BKK utsendt pr. e-post til formannskapet, og drøfta i møte, og formannskapet aksepterer ikkje avtalen og ordførar/rådmann bedne om å forhandle fram akseptabel avtale for kommunen.

4. Valnemnd og førebuing konstituerande møte – div. forhold teke opp og drøfta

5. Masfjordsambandet – samfunnsøkonomisk analyse, (v/Torgeir Reve) – formannskapet ville ha pris og arbeidet utført

6. Formannskapet vart orientert om rettsforlik av 15.09.2015, saksnr. 14-1862273TVI-NOHO/ Nordhordland tingrett – og fekk kopi av kjennelsen frå tingretten

7. Formannskapet vart orientert om avtale mellom Torgeir Nordland og kommunen datert 1.9.2015 jf. tidlegare saker i formannskapet vedk. rassikring fritidsbustad Ådnekvam hyttefelt og kva økonomiske konsekvensar som ligg i avtalen. Formannskapsmedlemene fekk kopi av avtalen.

8. Uttale til reviderte miljømål og tiltaksplan vassregion Hordaland, skriv 14/860 –brev utdelt til formannskapet

9. Kort status i vasslevering og oppfølging ny avtale Gulen vart gitt etter spørsmål frå formannskapet

10. Formannskapet v/Frode Langhelle ønskte status kring

KS - 025/2015 VEDTAK:

Masfjorden kommune går inn for å styrka spesialpedagogisk kompetanse i skular og barnehagar. Målsettinga med dette er å redusere behandlingstida for dei som har behov for dette, samt å oppnå betre bruk av kompetanse på rettleiing og kartlegging.

Dette kan gjerast ved å bruke kompetanseutviklingsplan for skulane og Plan for strategisk kompetansestyring.

Dette skal evaluerast om eit år.

Grunngjeving: Kommunestyret har tidligare fått signal om det er for lang ventetid på PPT. Lang ventetid for unge som har eit behov, kan føre til konsekvensar som kommunen ikkje ynskjer.

Som må følgjast opp, og gjevast i neste formannskapsmøte

11. div. problemstillinga kring fiskeoppdrett i kommunen vart drøfta generelt og eit forhold spesifikk

12. Kraftspela – nytt møte i arbeidsgruppa etterlyst, og vert følgt opp.

Møte heva 20.15 (Willy Borge – styringsgruppe kommunereform gjekk til 18.55 ferja)

FS - 100/2015 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

Rett utskrift av møteprotokoll frå formannskapet den 29.09.15 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Marit Steinestø
varaordfører